

ÅRSPLAN 2021 – 2022



**VELKOMMEN TIL
GJERDSVIKA BARNEHAGE**

**BARNEHAGEÅRET
2021-2022**

Innhold

Forord	2
Kort om barnehagen	3
Årshjul.....	4
Verdigrunnlag	5
Formål.....	6
Språk.....	7
Tilknytning	7
Pals	7
Medverknad	8
Personalet si rolle	9
Førskuleklubb	10
Foreldresamarbeid	10
Mobbing/ krenking.....	10
Progresjon	10
Samarbeid med andre instansar	11
Overgang barnehage - skule.....	11
Observasjon.....	12
Tema 2021-2022.....	13

Forord

Lov om barnehagar (fra 01.01.2006) regulerer all drift av barnehagar. Rammeplanen er ei forskrift til barnehagelova og stiller krav til innhaldet i barnehagetilbodet. Barnehagens planer byggjer på barnehagelova og rammeplanen, og er barnehagen sin eigen overordna plan for barnehageåret.

Barnehagen sitt innhald skal bygge på eit heilskapleg syn på læring; der omsorg, leik og læring er sentrale delar. I tillegg er sosial og språkleg kompetanse samt sju fagområde viktige delar av barnehagen sitt læringsmiljø. Rammeplanen legg stor vekt på barnehagepersonalets rolle. Planen framhevar også korleis vaksne sine haldningar, kunnskapar og ferdigheter verkar inn på barnas evne til å møte, forstå og delta aktivt i eit demokratisk samfunn.

Årsplanen skal først og fremst vere eit arbeidsreiskap for personalet, men skal samtidig gi eit bilet av kva slags tilbod vi kan gi barn og foreldre som brukarar av barnehagen, og kva slags verdiar som ligg til grunn for arbeidet vårt.

Vi ser det som viktig at personalet har ein kunnskapsbase og er reflekterte i arbeidet for å gi borna det dei har krav på til ei kvar tid. Til dømes: korleis sjå fellesskapet vs individ? Korleis medverkar ein eittåring til barnehagekvardagen?

Det er viktig at barnehagen har eit reflekterande og utviklande syn på arbeidet med borna. Vi vert aldri utlært. Diskusjonar og drøftingar rundt faglege spørsmål er viktig for at borna skal få eit heilskapleg og godt tilbod i barnehagen.

Vi ynskjer å gi eit godt barnehagetilbod der barn og foreldre står i sentrum for arbeidet.

Nasse Nøff la poten sin på Ole Brumm sin...
"Hva er det?", spurte Ole Brumm.
"Ingenting", sa Nasse Nøff.
"Ville bare vise at jeg er her hvis du trenger meg".

Kort om barnehagen

Gjerdsvika barnehage ligg fint til midt i bygda. Barnehagen er godkjend for 27 plassar. Vi har for tida, ikkje full dekning, men vi har søkjarar gjennom heile året. Det er kort veg til fjell og fjøre, noko som vi brukar flittig. Barnehagen har også ein flott gapahuk å gå til i skogen, som er laga med god innsats frå dei føresette.

Adresse: Gjerdsvika oppvekstsenter, barnehagen
Gjerdsvikvegen 373
6083 Gjerdsvika

Einingsleiar/ Styrar: Anne Margrethe Dybvik-Hide, Einingsleiar

Tilsette:

Telefonnummer: Barnehagen: 912 42 750
Einingsleiar: 911 71 324
E-post: post.gjerdsvika@sande-mr.kommune.no

Samarbeidsutvalet: Alle barnehagar har eit foreldreråd og eit samarbeidsutval. Foreldrerådet er alle foreldra i barnehagen. Samarbeidsutvalet har representantar frå foreldra, dei tilsette og eigar. Einingsleiar er sekretær i samarbeids-utvalet og har ansvar for å legge fram saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen. Samarbeidsutvalet har rett til å uttale seg om saker som vedkjem barnehagen, til dømes vedtektsendringar, opningstider, foreldrebetaling osv. Val av personar til Foreldrerådet og Samarbeidsutvalet blir gjort på foreldremøte på hausten.

Årshjul

August:	9. Planleggingsdag bhg. Stengt 10. Nytt barnehageår startar
September:	Brannvernveke, veke 38 27. planleggingsdag (barnehagen stengd).
Oktober:	24. FN dagen.
November:	Advent starter
Desember:	Nissefest Julefrukost 24 des – 3 januar – barnehagen stengd
Januar:	3. Planleggingsdag (bhg. Stengd).
Februar:	Solfest Samefolkets dag
Mars:	Fastelavn Brannvernveke Barnehagedagen 17. Planleggingsdag (bhg stengd)
April:	13 – 18. Påskestengd
Mai:	«mini 17 mai» 27. Planleggingsdag (bhg. Stengd)
Juni:	Avslutningstur for dei eldste Sommarfest
Juli:	Feriestengt veke 28 - 31

Mangfold og respekt

- Fremje nysgjerrigkeit og undring over likskapar og forskjellar.
- Synleggjere det enkelte barn sin plass og verdi i fellesskapet.
- Leggje til rette for kulturmøte og variasjonar.

Likestilling og likeverd

- Alle borna skal ha same moglegheit til å verte sett, høyrt og delta i fellesskapet.
- Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling.
- Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik.

Barn og barndom

- Trivsel, venskap og leik er fundamentalt.
- Barnet sitt beste skal vere gunnleggjande
- Barnet skal møtast med empati og få høve til å utvikle empati.

Demokrati

- Vise respekt for ulikskapar.
- Barnehagen skal fremje demokrati og vere eit inkluderande fellesskap.
- Alle (uavhengig av alder og språk) skal få medverke til innhaldet i barnehagen.

Berekraftig-utvikling

- Borna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen.
- Borna skal få ei forståing for at handlingar i dag har konsekvensar for framtidia.

Livsmeistring og helse

- Barnehagen skal fremje livsglede og meistring.
- Barnehagen skal førebyggje krenkingar og mobbing
- Barnehagen skal stimulere rørsleleda og den motoriske utviklinga til borna.
- Barnehagen skal gi eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar.

Formål



Omsorg er en føresetnad for tryggleik og trivsel og for at ein skal utvikle empati og nestekjærleik.

Leiken skal gi glede, humor, spenning og engasjement og den skal ha ein sentral plass i kvardagen. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring samt sosial og språkleg samhandling.



Danning. Modig, sjølvstendig, deltagande. Forståing for normer og verdiar

Læring. Nysgjerrigkeit, kreativitet og vitelyst skal anerkjennast. Borna skal få undersøkje, oppdage, forstå samanhengar og få ny innsikt.



Vennskap og fellesskap. Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt i lag med andre og må utviklast i eit sosialt samspel. Kvar og ein skal føle at dei er viktige i fellesskapet.

Kommunikasjon og språk. Bornas kommunikasjon skal støttast og barna skal få medverke, lytte, forstå og skape mening. Alle born skal få god språkstimulering i barnehagen.



Språk

Vi fortsetter med satsinga vi starta på i fjar der vi vil ha eit spesielt fokus på språk i barnehagen. Det er frå utdanningsdirektoratet starta ei regional ordning (REKOMP) som skal bidra til:

«at barnehager utvikler sin pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling. Den er et av flere virkemidler som skal sikre at alle barn får et likeverdig barnehagertilbud av høy kvalitet» (udir.no).

Sande kommune har eit samarbeid med Ulstein, Herøy og høgskulen i Volda for korleis dette arbeidet skal drivast framover. I Sande kommune er mellom anna språkutvikling ein del av dette. Personalet arbeider med tema språk på plandagar og personalmøter. Korleis legg vi til rette i kvardagen for å få ei god språkutvikling? Vi legg opp til å ha gode samtalar til dømes rundt måltidet, der alle får delta og blir sett. Vi legg vekt på å lesa for borna, gje dei gode leikemiljø og delta som vaksen i leiken. Sette ord på det vi gjer og ser og ta bornas innspel.

Tilknytning

Når borna startar i barnehagen er den første tida ei investering for det komande. Alle born er forskjellege men dei treng alle trygge gode relasjonar til dei vaksne i barnehagen. Det å vere trygg på å få trøst, og ha nokon der når dei treng det er viktig. Dei barnehagetilsette skal «overta» dei føresette sin trygge hamn. Utfordringane kan stå i kø for eit barn som skal starte i barnehagen for første gang, og da er det viktig å ha ei trygg hamn. Det er viktig at den vaksne er sensitiv overfor bornas signal og kan være der å støtte barnet når det trengs. Når barnet har fått ein trygg tilknytning, med trygge rammer og ei trygg hamn, er barnet klar for å rette fokus utover og er klar for læring.

Pals

PALS (positiv åtferd, støttande læringsmiljø og samhandling) er eit pedagogisk utviklingsarbeid som handlar om å gi gode beskjedar og å ha tydelege forventningar, ros og oppmuntring. Målet er å få til gode system og ordningar slik at det fungerer best mogleg for einskildborn og gruppa. Alle born og vaksne er målgruppa for innsatsen i PALS. Dette er eit utviklingsarbeid som Sande kommune har valt å satse på og som personalet skal arbeide etter.

Overskrifta i Pals er Respekt, ansvar og omsorg. Dette er ord som inneholder mykje. Vi skal ha respekt og omsorg for kvarandre, vaksne-born og born-vaksne og born og vaksne i mellom.

Vi har utarbeidd matriser for korleis vi skal gjennomføre ulike rutinesituasjonar som samlingsstund, måltid og garderobesituasjonen. Vi fokuserte her på forventingar til dei vaksne og til borna. Vi vil halde fram med å bruke desse matrisene vidare og også repetere kva dei inneholder.

Vi har også jobba ein del med at dei vaksne skal gi gode beskjedar, (augekontakt, nær, på barnets nivå, korte presise beskjeder på ein vennleg men bestemt måte – ikkje spørje). Vi vil

i tillegg ha fokus på å ha ei god leiing av barnegruppa. Vaksenrolla er sentral i palsarbeidet og sett krav til korleis dei tilsette i barnehagen arbeider og utviklar seg i rolla.

Respekt, ansvar og omsorg er eit fokus vi skal ha med gjennom det heilskafelege arbeidet i barnehagen.

Medverknad

Alle born skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen, uavhengig av alder, men etter sitt alder- og utviklingsnivå. Barnehagen må observere og fylgje opp dei ulike uttrykka og behova til alle borna. Borna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta. Dei minste kan til dømes bruke kroppsspråk og gråt for å seie noko om kva dei vil/ ikkje vil. Det er viktig at dei vaksne er lydhøre og støttande slik at borna kan få fram det dei ynskjer og oppleve å ha ein medverknad.

Personalet si rolle

Korleis personalet er og korleis dei møter borna, har stor innverknad på korleis dagen til borna vert og kva dei sit igjen med etter ein dag i barnehagen. Å være ein autoritativ vaksen seier noko om korleis vi skal møte borna. Vi skal bygge relasjonar og sette grenser, ein skal være ein varm, men tydeleg vaksen i lag med borna. I Gjerdsvika barnehage jobbar vi for å være authoritative vaksne.



Førskuleklubb

Det siste året før borna startar på skule har dei ein eigen klubb. Der treffast dei ein gong i veka og har forskjellege aktivitetar, basert på rammeplanen. Dei får også ei eigen «skulebok» (Trampoline) med aktivitetar i. Vi har Tilrettelagt for bruk av digitale verkty. Som til dømes å fotografere, legge dei inn på PC/I pad og skrive ei ut – lage ein kollage og liknande. På slutten av året pleier vi å ha ein avslutningstur.

Foreldresamarbeid

Vi er avhengige av et nært samarbeid med foreldra som må byggas på gjensidig tillit, openheit og respekt. Gjensidig informasjon mellom heim og barnehage er viktig for at barna skal få eit best mogleg tilbod. Vi ynskjer at foreldra skal føle seg trygge for at vi ser barna sine behov og at dei skal ha eit aktivt medansvar for barnehagertilbodet. Vi bruker fylgjande samarbeidsformer:

- Dagleg kontakt ved levering og henting
- Foreldresamtaler 1- 2 pr år
- Foreldremøte 1- 2 pr år
- Sosiale arrangement
- Foreldreråd
- Deltaking i samarbeidsutvalet

Mobbing/ krenking

Frå 1 januar 2021 trådde det i kraft ein ny paragraf i barnehagelova.

§ 41. Nulltoleranse og forebyggende arbeid

«Barnehagen skal ikke godta krenkelser som for eksempel utesettenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når et barn i barnehagen utsettes for slike krenkelser.»

Barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna» (Barnehageloven).

Vi ser det som viktig å være tett på og gjøre gode observasjoner for å sjå korleis kvart enkelt barn har det i barnehagen. Når det gjeld førebygging er det noko som står sentralt i det temaet vi har valt for året EG (sjå under tema).

Progresjon

Rammeplanen seier at det skal vere ein progresjon av innhaldet i barnehagen gjennom heile barnehagetida. Innhaldet skal leggast til rette for kvart enkelt alderstrinn og utviklingsnivå. I Gjerdsika barnehage har vi hatt fokus på ulike tema dei siste åra. Mellom anna, realfag, gjenvinning.

Vi har også hatt eit meir heilskapleg tema med fagområda i rammeplanen som arbeidsdokument, samt fokus på korleis personalet skal verte målbevisste og reflekterte medarbeidarar, i samsvar med styringsdokumenta.

Vi ser det som viktig at heile personalet møter barnet der det er til ei kvar tid og stimulerer utviklinga på ein god måte. I år vel vi å ha fokus på barnet sjølv (EG) mellom anna med tanke på §41 i barnehagelova.

Det er viktig at borna for mestringskjensle i det dei gjer, men også får noko å strekke seg etter.

Samarbeid med andre instansar

Foreldra er vår viktigaste samarbeidspartner rundt borna. Ved å vere i tett dialog rundt barnets behov, utvikling og trivsel, kan vi finne fram til kva som vil gjere barnehagedagen best mogeleg for kvart enkelt barn.

Vi samarbeider også med Helsestasjon, Pedagogisk psykologisk teneste (PPT), Barneverntenesta, Barne og ungdomspsykiatrisk (BUP). Vi har også ei opplysningsplikt overfor barneverntenesta når det føreligg grunn for alvorlig bekymring for eit barn.

Dersom vi meiner det er behov for å få inn andre instansar rundt eit enkelt barn, vil vi drøfte dette med dykk som foreldre. Vi ynskjer også at de som foreldre skal ta kontakt med barnehagen dersom det er noko som de treng å drøfte.

I Sande kommune skal det vere trygt og godt å vekse opp. Likevel kan det oppstå utfordringar og vanskar som gjer at ikkje alle har det så bra. Derfor arbeider vi med prosjektet BTS - Betre Tverrfagleg Samhandling - i Sande, for å sikre at alle born og unge skal få den hjelpe dei treng (Sande kommune sin hjemmeside).

<https://www.sande-mr.kommune.no/bts-sande/> her kan de finne meir om BTS og korleis det er tenkt at vi skal jobbe rundt dette. Sida er under utarbeiding.

Overgang barnehage - skule

Å slutte i barnehagen og ta til på skulegang er ei spanande tid. Sande kommune har ein felles plan for overgangen,- der det står noko om informasjonsoverføring og fristar for søknadar om ressursar.

Vi ynskjer å gjere overgangen til skule trygg for både borna og dei føresette. Det er planlagt foreldreskule for dei føresette i løpet av våren. Dette vart i fjar gjort i samarbeid med Haugelisa barnehage. Det vil vere eit informasjonsmøte mellom barnehagen og læraren som skal ha 1. klasse, med samtykke frå dei føresette. Gursken skule har førskuledagar for skulestartarane, der alle får møtest i trygge rammer. De vil få meir informasjon når det nærmar seg. Vi ynskjer å legge til rette for at det skal verte ein god overgang.

Observasjon

Barnehagen bruker observasjon som metode for å finne nærmere ut av borna si utvikling. Vi nytter ulike skjema som ei støtte i observasjonsarbeidet, ikkje alle kartleggingane blir brukt på alle borna. Desse kartleggingane skal fungere som eit hjelpeverktøy for barnehagen. Det er også eit krav frå PPT å få desse observasjonane når eit barn skal henvise dit. Vi ynskjer at den daglege kontakten og observasjonen av borna i det daglege skal stå sentralt, ikkje at standardiserte skjema skal vere det avgjerande for dei ulike borna vi har i barnehagen. Vi ser at dei ulike skjema kan vere eit godt hjelpemiddel i ulike situasjonar.

- TRAS (tidleg registrering av språk)
- Alle med (Konkret observasjonsmateriale som omfattar heile utviklinga)
- Danseskjema
- Mio (matematiske kartleggingar).
- Omgrepkartlegging (året før skulestart)

Vi ynskjer ein tett dialog med foreldra om utviklinga til barnet. Vi veit også at språk og motorisk utvikling/trening heng i hop. Vi vil difor legge til rette for allsidig motorisk trening både ute og inne. Når vi har bekymring eller tankar rundt utviklinga av eit barn vil vi ta det opp med dykk som foreldre. Vi ynskjer også at de tek kontakt ang. tankar de har rundt barna dykkar.

Tema 2021-2022

Vi har heile tida styringsdokumenta i ryggen (barnehagelova, rammeplan med meir), og har valt ut tema som vi ynskjer å jobbe ekstra med i år i tillegg til satsingsområda Sande kommune har (språk og pals). Dette er også noko vi flettar inn dette tema.

Med ny §41 i barnehagelova er det viktig at borna har eit forhold til seg sjølv og kroppen sin. Korleis kan eg seie i frå når det er noko eg ikkje likar? Kva når det er noko eg vil ha meir av? (medverknad). Kva kan eg gjere for å få vene? Korleis kan eg få vere med i leiken? Det er mange sosiale koder som borna skal lære seg i samspel med små og store. Dette ynskjer vi å sette fokus på i dette barnehageåret.

I Gjerdsika barnehage skal vi ruste barna dykkar til møte med framtida. For å gjere dette må borna få utfordringar etter alder og funksjonsnivå, som gir dei mestringjkjensle. I Barnehagen skal vi arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som også verdset omsorgshandlingane til borna.

I rammeplanen s.8 står det *Barnehagen skal gi rom for barnas ulike føresetnader, perspektiv og erfaringar og bidra til at barna, i fellesskap med andre, utviklar eit positivt forhold til seg sjølve og tru på eigne evner*. Vi ser borna som enkeltindivid, vise dei at vi har trua på dei og det dei skal utføre.

I samtale med borna og i samlingsstunder nyttar vi høvet til å snakka om det å setje grenser og kva som er lov og ikkje lov. Vi lyttar til barna og tek både nysgjerrighet og følelsar på alvor. Vi vil være trygge vaksne for borna og at dei skal kunne seie ifrå til oss og å få hjelp dersom nokon går over borna sine grenser. Det er også viktig at de som føresette snakkar saman med borna om kven dei skal seie ifrå til, og at det er dei vaksne sitt ansvar å hjelpe. Vidare forklarar vi at det fins lover som bestemmer kva som er lov og ikkje lov, og at det står i lova at alle vaksne skal passe på at barna er trygge. Rammeplanen s.49: *Barnehagen skal bidra til at barna blir kjende med kroppen sin og bevisste på eigne og andre sine grenser*.

For at borna i Gjerdsika barnehage skal oppleve vennskap, må vi vaksne rose borna og gi dei positiv merksemd, slik at dei føler seg verdifulle, samt får trua på seg sjølv og utviklar ei god sjølvkjensle. I barnehagen er dei vaksne støttande, ved å gå inn i leiken til borna, og deira samspel seg i mellom, og hjelpe dei som treng det, slik at alle får kome inn i leik med andre. Borna skal lære både å gje og ta, for å få til dette må vi vaksne hjelpe og støtte borna slik at dei tek den andre sitt perspektiv. Rammeplanen s.22-23: *I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelpe til å meistre balansen mellom å dekkje sine eigne behov og ta omsyn til andre sine behov*.

Språk	Vennskap	Kroppen min
Fysisk fostring	EG	Følelsar
Mat	Familien min	Grenser